

Læreplan for Vg1 helse- og oppvekstfag

Om faget

Fagrelevans

Helse- og oppvekstfag skal dekkje samfunnet sitt behov for kompetanse innanfor helse- og oppvekststtenestene. Faget skal gi elevane eit grunnlag for å arbeide med menneske i alle livssituasjonar i eit mangfaldig samfunn i endring. Faget skal bidra til å fremje helse, utvikling og meistring for den enkelte og for heile samfunnet. Faget skal bidra til at elevane utviklar praktiske ferdigheiter, og til å fremje yrkesidentitet og medvit om profesjonelt arbeid og profesjonell service.

Kjerneelement

Helse og meistring

Kjerneelementet helse og meistring handlar om forhold som bidreg til å fremje fysisk og psykisk helse. Kjerneelementet handlar òg om korleis kroppen er bygd opp og fungerer med utgangspunkt i det friske mennesket. Vidare handlar det om korleis ein som yrkesutøvar kan bidra til å fremje ein aktiv og sunn livsstil for brukarar, pasientar og kundar.

Kommunikasjon og relasjonar

Kjerneelementet kommunikasjon og relasjonar handlar om kommunikasjon og samhandling mellom menneske i alle aldrar og livssituasjonar. Kjerneelementet handlar òg om å kunne reflektere over si eiga åtferd og kva ho har å seie i møte med andre menneske. Vidare handlar det om brukarmedverknad og service.

Menneske, etikk og teknologi

Kjerneelementet menneske, etikk og teknologi handlar om å møte menneske i ulike livssituasjonar med toleranse og respekt. Å kunne observere brukarar og pasientar er sentralt. Kjerneelementet handlar òg om at elevane skal få vere nysgjerrige og utvikle evne til kritisk tenking og refleksjon når det gjeld bruk av teknologi. Vidare handlar det om etiske retningslinjer og om verdien av tverrfagleg samarbeid i yrkesutøvinga. Det handlar òg om profesjonell yrkesutøving, kunnskap om relevant lovverk og om korleis helse- og oppvekststtenestene er bygde opp.

Verdiar og prinsipp

Opplæringa i helse- og oppvekstfaget skal gi elevane kunnskap om mangfaldet i samfunnet og bidra til at dei utviklar forståing og respekt for likeverd og likestilling i yrkesutøvinga. Faget skal bidra til å gi elevane respekt for naturen og miljøet. Vidare skal det bidra til at yrkesutøvinga byggjer på respekt for at menneske er forskjellige, og på tanken om at konflikhtar kan løysast på fredeleg vis. Faget skal òg bidra til kritisk tenking innanfor helse- og oppvekstfaga og til at elevane får vere nysgjerrige. Vidare skal faget bidra til at elevane utviklar god dømmekraft og evne til å utøve profesjonelt fagleg skjønn.

Gjennom arbeidet med faget skal skulen støtte og bidra til elevane si sosiale læring og utvikling. Skulen skal òg utvikle eit inkluderande fellesskap for alle.

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I Vg1 helse- og oppvekstfag handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å gi elevane forståing, respekt og toleranse for andre menneske. Gjennom temaet skal elevane òg få forståing for kva som gir eit godt liv, og korleis dei som yrkesutøvarar kan rettleie brukarane til å gjere gode helseval. Folkehelse og livsmestring skal vidare bidra til å gi elevane kunnskap om mennesket i ulike livsfasar.

Demokrati og medborgarskap

I Vg1 helse- og oppvekstfag handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om at elevane skal kunne tenkje kritisk, handtere meiningsbryting og respektere usemje. Temaet skal òg bidra til at elevane legg vekt på brukarmedverknad i yrkesutøvinga. Vidare skal det bidra til forståing for samanhengen mellom individet sine rettar og plikter.

Berekraftig utvikling

I Vg1 helse- og oppvekstfag handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om korleis forbruk og aktivitetar påverkar miljøet, og om at yrkesutøvarar må ta ansvarlege val og handle etisk og miljøbevisst. Temaet bidreg til å gi elevane forståing for dei konsekvensane levestilting og ressursbruken til menneska har både lokalt, regionalt og globalt. Vidare handlar temaet om at arbeidslivet sine krav til kvalitet, tryggleik og verdiskaping påverkar ei berekraftig utvikling.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i helse- og oppvekstfag inneber å kunne kommunisere gjennom samtalar og presentasjonar og bruke relevante faguttrykk. Det inneber å uttrykkje og argumentere for eigne meiningar og kommunisere med kollegaer og brukarar i ulike livssituasjonar.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i helse- og oppvekstfag inneber å kunne ytre seg forståeleg og på ein formålstenleg måte om helse- og oppvekstrelaterte tema. Det inneber òg å utarbeide planar og dokumentasjon som er aktuelle i faget. Vidare inneber det å kombinere ulike uttrykksformer som tekst, bilete og symbol i kommunikasjon med kundar og brukarar.

Å kunne lese

Å kunne lese i helse- og oppvekstfag inneber å tileigne seg ny kunnskap og innsikt gjennom faglitteratur, statistikk, lovtekstar og planar. Det handlar òg om å kunne lese i ulike medium, ikkje berre rein tekst, men òg illustrasjonar, symbol og andre uttrykk. Å kunne lese inneber dessutan å kunne bruke relevante faguttrykk og vurdere innhaldet i tekstar ut frå fagkunnskap og eigne erfaringar.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i helse- og oppvekstfag inneber å resonnere, bruke rekneverktøy og utføre enkle økonomiske berekningar. Vidare inneber det å bruke statistikk og diagram. Det inneber òg å kunne bruke ulike rekneartar og måleiningar i arbeidet med helse, ernæring og kosthald.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i helse- og oppvekstfag inneber å vere kreativ og skapande med digitale ressursar og kunne kommunisere og samhandle med andre. Det inneber å bruke digitale ressursar formålstenleg og forsvarleg for å løyse praktiske oppgåver. Digitale ferdigheiter inneber òg å utvikle digital dømmekraft ved å tileigne seg kunnskap og gode strategiar for nettbruk. Det handlar vidare om å fange opp teknologiske endringar i faget og bruke digitale ressursar, finne relevant informasjon og vurdere kjelder kritisk.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering: det friske mennesket (140 årstimar)

Kompetansemål etter det friske mennesket

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- beskrive korleis kroppen er bygd opp og fungerer med utgangspunkt i det friske mennesket
- beskrive kva som fremjar psykisk og fysisk helse, og reflektere over eiga helse og eigen livsstil
- planleggje, gjennomføre og vurdere aktivitetar som bidreg til kvardagsmeistring for brukarar, pasientar og kundar
- planleggje og vurdere kosthald og fysisk aktivitet som bidreg til vekst, utvikling og god helse
- utføre grunnleggjande førstehjelp

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal fremje læringa. Elevane skal kjenne til kva dei skal lære, og kva det blir lagt vekt på når kompetansen deira skal vurderast. Læraren og elevane skal planleggje den vidare læringa med utgangspunkt i den kompetansen elevane viser. Elevane skal få tilbakemelding om kva dei meistarar, og dei skal få rettleiing i korleis dei kan utvikle kompetansen sin.

Elevane får høve til å utvikle kompetansen sin når dei arbeider med oppgåver knytte til fysisk og psykisk helse. Elevane viser kompetanse på Vg1 ved å bruke fagomgrep når dei omtaler det friske mennesket. Elevane viser kompetanse når dei planlegg aktivitetar for brukarar, pasientar og kundar.

Læraren skal leggje til rette for aktiv læring, slik at elevane opplever motivasjon og meistring gjennom relevante arbeidsoppgåver om fysisk og psykisk helse og om korleis kroppen fungerer. Elevane skal få hjelp til å setje ord på eiga læring: Kva får dei til? Kva kan dei bli betre på? Kva kan dei gjere for å bli betre?

Undervegsvurderinga skal bidra til at elevane utviklar forståing, evne til å reflektere og kritisk tenking i faget. Læraren skal leggje til rette for at elevane får delta i læringsprosessen.

Standpunktvurdering

Standpunktarakterane skal uttrykkje kompetansen til elevane mot slutten av opplæringa i programfaget. Då gjer læraren ei samla vurdering. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane på ulike måtar får vist all kompetansen dei har i faget det friske mennesket, også når arbeidsoppgåvene dekkjer fleire programfag.

Med utgangspunkt i kompetansemåla skal elevane få vise forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking, og dei skal få vise korleis dei meistrar utfordringar og løyser oppgåver i kjende og ukjende situasjonar.

Elevane viser samla kompetanse i faget når dei viser kompetansen sin i *det friske mennesket*.

Kompetansemål og vurdering: samspel og relasjonar (140 årstimar)

Kompetansemål etter samspel og relasjonar

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- kommunisere og samhandle med brukarar, pasientar og kundar i alle aldrar og livssituasjonar
- beskrive relasjonsferdigheiter og reflektere over si eiga åtferd som yrkesutøvar
- vise omsorg og yte service i møte med brukarar, pasientar og kundar
- observere brukarar og pasientar for å gjere kvalifiserte val og rapportere behov

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal fremje læringa. Elevane skal kjenne til kva dei skal lære, og kva det blir lagt vekt på når kompetansen deira skal vurderast. Læraren og elevane skal planleggje den vidare læringa med utgangspunkt i den kompetansen elevane viser. Elevane skal få tilbakemelding om kva dei meistrar, og dei skal få rettleiing i korleis dei kan utvikle kompetansen sin.

Elevane får høve til å utvikle kompetanse i faget gjennom undervegsvurdering når dei arbeider med relevante arbeidsoppgåver. Elevane viser kompetanse ved å observere, lytte, kommunisere og samhandle med personar i ulike aldrar og livssituasjonar. Elevane viser kompetanse i *samspel med andre elevar* og i arbeidet med faget.

Læraren skal leggje til rette for aktiv læring, slik at elevane opplever motivasjon og meistring gjennom relevante arbeidsoppgåver. Elevane skal få hjelp til å setje ord på eiga læring: Kva får dei til? Kva kan dei bli betre på? Kva kan dei gjere for å bli betre?

Undervegsvurderinga skal bidra til at elevane utviklar forståing, evne til å reflektere og kritisk tenking i faget. Læraren skal leggje til rette for at elevane får delta i læringsprosessen og vurderinga av sitt eige arbeid, og for at dei får reflektere over si eiga faglege utvikling.

Standpunktvurdering

Standpunktarakterane skal uttrykkje kompetansen til elevane mot slutten av opplæringa i programfaget. Då gjer læraren ei samla vurdering. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane på ulike måtar får vist all kompetansen dei har i faget *samspel og relasjonar*, også når arbeidsoppgåvene dekkjer fleire programfag.

Med utgangspunkt i kompetansemåla skal elevane vise forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking, og dei skal få vise korleis dei meistrar utfordringar og løyser oppgåver i kjende og ukjende situasjonar.

Elevane viser samla kompetanse i faget når dei viser kompetansen sin i *samspel og relasjonar*.

Kompetansemål og vurdering: arbeidsliv i praksis (197 årstimar)

Kompetansemål etter arbeidsliv i praksis

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- nytte hygieniske prinsipp for å ta vare på eit godt immunforsvar
- grunngi behovet for tverrfagleg samarbeid og omtale yrkesgrupper som naturleg høyrer med i eit slikt samarbeid
- forklare korleis brukarmedverknad kan gjennomførast i praksis
- beskrive kva slags krav og forventingar som blir stilte til ein profesjonell yrkesutøvar
- gjere seg kjend med helse- og oppveksttenestene og reflektere over eige yrkesval
- vurdere kva moglegheiter velferdsteknologi kan gi i yrkesutøvinga
- gjere greie for regelverket som regulerer helse- og oppveksttenestene
- rette seg etter gjeldande regelverk for helse, miljø og sikkerheit

Underevgsvurdering

Underevgsvurderinga skal fremje læringa. Elevane skal kjenne til kva dei skal lære, og kva det blir lagt vekt på når kompetansen deira skal vurderast. Læraren og elevane skal planleggje den vidare læringa med utgangspunkt i den kompetansen elevane viser. Elevane skal få tilbakemelding om kva dei meistarar, og dei skal få rettleiing i korleis dei kan utvikle kompetansen sin.

Elevane får utvikle kompetansen sin når dei utfører arbeidsoppgåver som er relevante for *arbeidsliv i praksis*. Elevane viser kompetanse når dei bruker teknologi, reflekterer over bruken og utfører arbeidsoppgåver om *arbeidsliv i praksis*.

Læraren skal leggje til rette for at elevane får øve og vise utvikling gjennom varierte, praktiske og utforskande arbeidsmåtar på ulike læringsarenaer. Elevane skal få hjelp til å setje ord på eiga læring: Kva får dei til? Kva kan dei bli betre på? Kva kan dei gjere for å bli betre? Elevane skal få medverke i eiga og andre si læring når dei jobbar praktisk med faget, gjennom å reflektere over, samtale om og gi og få tilbakemeldingar.

Underevgsvurderinga skal bidra til at elevane utviklar forståing, evne til å reflektere og kritisk tenking i faget. Læraren skal leggje til rette for at elevane får delta i læringsprosessen og vurderinga av sitt eige arbeid, og til at dei får reflektere over si eiga faglege utvikling.

Standpunktavurdering

Standpunktavurderingane skal uttrykkje kompetansen til elevane mot slutten av opplæringa i programfaget. Då gjer læraren ei samla avurdering. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane på ulike måtar får vist all kompetansen dei har i faget *arbeidsliv i praksis*, også når arbeidsoppgåvene dekkjer fleire programfag.

Med utgangspunkt i kompetansemåla skal elevane vise forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking, og dei skal få vise korleis dei meistarar utfordringar og løyser oppgåver i kjende og ukjende situasjonar.

Elevane viser samla kompetanse i faget når dei viser kompetanse om *arbeidsliv i praksis*.

Vurderingsordning

Programfaget det friske mennesket: Elevane skal ha éin standpunktavurdering.

Programfaget samspel og relasjonar: Elevane skal ha éin standpunktavurdering.

Programfaget arbeidsliv i praksis: Elevane skal ha éin standpunktavurdering.